

Sak	Leing og fagleg organisering (16/05229) – delprosjekt i hovudprosjekt 2 Fagleg og administrativ organisering
Høyringsinstans (svarar)	Avdeling for Ingeniør og Naturfag (AIN) ved Høgskulen i Sogn og Fjordane (HiSF)
Ev. prosess bak høyringsinnspelet	<p>Eit høyringsmøte på kvart campus: Ingeniør i Førde og Naturfag i Sogndal. Samanstilling av høyringsvar av dekan der instituttleiarar (2 stk) og tillitsvalde fekk tilsendt utkast og kunne kome med innspel til dokumentet.</p> <p>Fagmiljøa ved AIN spennar frå ingeniør («profesjon») til naturvitskapar («disiplin») og har fleire tverrfaglege studium i porteføljen. På nokre få punkt er det ueinigheit og då vert begge syn presentert etterfølgd av ein vurdering av dekan.</p>
Innspel Bruk fleire sider om det trengs	
Kap 2	<p>Vi har svara på ein del spørsmål (med korte titlar og utheva sidan nummer ikkje var gjevne) i tillegg til nokre eigne merknader</p> <p>Premissane: AIN er generelt skeptiske til at fusjonsprosessen og organiseringsprosjektet for Høgskulen på Vestlandet (HVL) ikkje har blitt køyrt nedanfrå og opp samstundes som ovanfrå og ned. Dette er ein svakheit i mandatet og ikkje noko prosjektgruppa har skuld. Vi ber likevel styret vera merksam på at dette kan skape utfordringar for korleis vi driv våre to hovudaktivitetar, forskning og utdanning.</p> <p>Topp-ned tilnærminga kan også medføre at ein brukar for mykje ressursar på leing og administrasjon for langt unna dei faglege aktivitetane som er på nivå 3 og 4. Ressursmessig må ikkje fusjonen gå på kostnad av sjølve utdanninga og forskinga, og vi bør ikkje bruke meir ressursar på leing og administrasjon enn det vi har gjort for dei tre høgskulane separat før fusjonen.</p> <p>AIN ber styret vurdera å nedfelle eit <u>prinsipp</u> om at administrasjon og leing ikkje skal ese ut på kostnad av fagleg aktivitet ved HVL. Ein bør gjera modellutrekningar for å kunne vurdera kor mykje dei ulike måtane å organisere oss på «kostar».</p>
Kap 3	<p>Utvalte spørsmål</p> <p>Profesjon vs kunnskapsområde: <i>Naturfagsmiljøet</i> som er både disiplin- og tverrfagleg i sin samansetning (økologi, geologi, teknologi, realfag, arealplanlegging og samfunnsfag), er mest positiv til 'Kunnskapsområdemodellen'. Det blir framheva at denne er mest framtidsretta, rettar seg betre både mot utdanning og forskning enn profesjonsmodellen, minskar behovet for å senterdanning (tverrfagleg aktivitet blir eit fakultetsansvar), og frikoplar oss frå andre organiseringsmodellar i dei tidlegare institusjonane.</p> <p><i>Ingeniørmiljøet</i> som er eit noko meir profesjonsretta fagmiljø (ingeniørar og realistar) er meir skeptisk til kunnskapsområdemodellen. Dels kjem dette av dei føler seg meir heime 'Profesjonsmodellen', dels fordi kunnskapsområdemodellen er noko uklar og treng meir utgreiing.</p>

Dekanen vurderer at 'Kunnskapsområdemodellen' vil vera den beste modellen for å sikre alle faga ved AIN (og HVL) ei likeverdig plass i dei overordna strukturane i HVL. Ev. «profesjons-» eller «disiplin-» einingar kan ein finne att på nivå 3. Ein gjennomgang av Tabell 2 tydar også på at 'Kunnskapsområdemodellen' skårar litt betre enn Profesjonsmodellen totalt sett. For våre fagmiljø er det viktig at teknologi, natur og miljøvitenskapar og samfunnsvitenskapar kan kome under same overordna eining/ same fakultet og dette er ein nærast på ved å velje 'Kunnskapsområdemodellen' (og mulegvis 3 fakultet; sjå under).

Tal fakultet: Av dei forslaga som ligg føre så ønskjer AIN å ha tre om lag like store fakultet. På generelle basis meiner ein at det 'tredje fakultetet' då bør inkludere ein del av samfunnsfaga som vi samarbeider p.d.d. og som det er naturleg å samarbeide med i framtida.

Ønsket om tre fakultet er dels fundert i at det fjerde fakultet er for dårleg utgreidd i rapporten. *Dekanen* meiner ein burde ha presentert ein modell med tre fakultet, eit betre utgreidd fjerde fakultet, og ein modell med 6-9 fakultet. Det siste fordi det hadde vore eit meir reelt alternativ til 3-fakultets modellen. Her har fusjonsplattformen skapt eit for snevert utgangspunkt for ei god utgreeing ved å åeike mot «få og store» fakultet. Ulempa med heile organisasjonsmodellen som no blir laga for HVL er at det blir for mange nivå; det tvinger seg fram eit nivå 4 som får for lang avstand til styret og til nivå 1 og 2.

Fakultetsnamn:

I Kunnskapsområdenamnet for det «tredje fakultet» kan det vera muleg å bytte 'berekraft' med 'miljø'. 'Berekraft' som begrep, dersom ein ikkje nyttar det meir spesifikke 'berekraftig utvikling' kan bli noko vagt. 'Miljø' peiker mot noko av det same men er både breitt og presist nok og har ein dimensjon av naturvitenskap i seg saman med det samfunnsretta. «Teknologi, samfunn og miljø» kan difor vera eit godt alternativ. Om 'Berekraft' skal vera med så bør ein nøye seg med 'Teknologi og berekraft' då berekraft kan femne om både samfunnsfaga og miljøvitenskapane.

I profesjonsmodellnamn så bør det vera anten 'teknologi' eller 'ingeniør' (og helst det første som er noko breiare). Her bør enten 'naturvitenskap' eller 'miljøvitenskap' inn i fakultetsnamnet.

I alle forslag så må ein vurdere kor lange namna skal vera: ein bør kunne uttale namna utan å få krøll på tunga. «Eg kjem frå Fakultet for», men samstundes ser vi behovet for å vera inkluderande og difor ha fakultetsnamn med tre ledd.

Disiplinfaga si rolle ivareteke?: Alt språk som antyder at disiplin faga skal vera «støttefag» bør fjernast eller omskrivast i teksten. Alle fag skal vera likeverdige og bruk av ord som «profesjon», «disiplin», «profesjonsuniversitet» verkar gamaldagse og fører også til unødvendige skillelinjer. Fusjonen skal vera med å laga grunnlaget for eit godt og arbeidslivsretta universitet med fag, forskning og utdanning i fokus. Bruken av 'profesjon' bør tonast ned for å skape godt samarbeidsklima og få fokus på *alle* faga våre, undervisninga og forskinga vår.

Eit anna viktig perspektiv er at forskning ikkje berre skal tene utdanningane (slik som teksten av og til framstår i noverande versjon), men at forskning er ein av dei to viktigaste pilarane i academia. Difor bør HVL også bruke språk som stettar

	<p>dette. Universitetsambisjonen vil ikkje kunne nås utan dette perspektivet. Dessutan er det slik at utdanning <i>også</i> skal tene forskinga (og innovasjon): bachelor og masterstudentar bør kunne spele ei rolle i forskning og innovasjon ved HVL.</p> <p>Totalt sett blir disiplinfaga best i vareteke med Kunnskapsområdemodellen (likeverdig namnbruk) og med at ein får laga institutt som kan vera disiplinunge (i namn og innhald; t.d. Handelshøgskulen, Idrettshøgskulen, Miljøvitskapleg institutt o.l.)</p>
<p>Kap 4</p>	<p>Utvalte spørsmål</p> <p>Prinsippa dekkande? Generelt litt for svakt utarbeidd prinsipp. Prinsippa er for mykje formulert mot studentar og for lite mot fagmiljøa. (Punkt 4 og 6). Studentar høyrer meir heime på 'Studieprogram'/nivå 4 under institutta (spesielt ved 'Campusovergripande' institutt), sjølv om dette enno er noko usikkert (ingen modell for dette enno).</p> <p>Det er heller ikkje utarbeidd gode nok dømer/modellar med kritisk refleksjon om kva som kan skje med ulike fagmiljø ved bruk av desse prinsippa. T.d. kan Institutt or ingeniør og teknologifag i Førde (11 tilsette) risikera å bli splitta opp i to-tre institutt. Då krev det god koordinering av den fagleg aktiviteten som skal skje på Campus.</p> <p>Vi hadde sett pris på at ein fekk laga nokre modellar som skisserte korleis eit fagmiljø og dei einskilde fagtilsette ved eit gitt campus skal forhalde seg til leing og einingsstruktur ved gjennomføring og utvikling av forskning og undervisning.</p> <p>Dei einskilde prinsippa:</p> <p>1) Campusovergripande: Det kan bli behov for institutt, schools og senter på ein campus dersom det er teneleg. Difor bør 'skal' byttast ut med 'bør'. Flexibilitet er viktig og i andre fusjonar i sektoren har dette også vore praktisert. 'Campusovergriping' kan også auka behovet for eit større og sterkare nivå 4.</p> <p>2) «Store» ja, i visse tilfelle (fagavhengig), men bør kunne variere i storleik og innhald. Det viktige her er at institutta og fagmiljøa på eit institutt har nok ressursar («tid, folk, pengar») nok til å utvikle studiar og forskning, ikkje storleiken i seg sjølv. Fagleg kompleksitet er også ein variabel i denne formelen: t.d. spennar dagen Institutt for naturfag over mange fag i både eit MatNat- og eit SV-fakultet med berre 30 tilsette.</p> <p>4) Forsking er ikkje berre til for å tene utdanningane (sjå også disiplinfaga si rolle). Difor må prinsipp 4 omskrivast til: «Institutt tek utgangspunkt i eit fagleg fellesskap som er retta mot studieprogram <u>og</u> forskingsaktivitet».</p> <p>Vi kan ikkje berre tenke kandidatproduksjon, men nettopp sikre at forskning og utdanning er kopl. Fagtilsette som har mest til sams i forskinga bør difor vera på same institutt. Forslag å ta inn: « Tilsette må kunne finne eit spesialisert forskingsfellesskap på nivå 3»</p> <p>Nivå 3 skal dessutan ikkje berre tene studenten (det er jo eigentleg studieprogramma som skal gjere), men dei skal først og fremst tene dei tilsette då det er på både nivå 3 og 4 deira faglege heim vil vera.</p>

	<p>5) Er kanskje ikkje eit 'prinsipp'? Uansett må dette balanserast oppimot punkt 1 og 2 og kanskje heller inkludere innhaldet i punktet, dette med valfridom, under desse to punkta?</p> <p>6) Studentnære administrative funksjonar: Studentar er først og fremst på eit Campus og difor må dette punkta balanserast betre mot kva som finst på Campus og kva som finst på institutt/fakultet. Tilsette sin heim vert på eit institutt (pluss nivå 4) og det må finnast nok administrativ kraft til å støtte faglege leiarar og tilsette på dette nivået.</p>
<p>Kap 5</p>	<p>Utvalte spørsmål og eigne merknader</p> <p>Leiing generelt: Før modellar vedtas så bør det slås fast at ein ikkje skal nytte meir ressursar på leiing (nivå 1-4) enn det ein gjer samla i dei tre høgskulane p.d.d. Det er eit viktig prinsipp! (sjå også generell merknad).</p> <p>Nærleik til leiar er viktig, dvs stadleg leiing. Erfaring frå andre fusjonar tyder på at byråkratisering er ei muleg konsekvens av fusjonar. <u>HVL må unngå byråkratisering!</u> Personalansvar er <i>ikkje</i> nødvendigvis den viktigaste leiaroppgåva som må vera stadleg. Det viktigaste er at ein har stadleg leiing som forvaltar noko ressursar og mynde til å kunne sikre fagleg utvikling og ha kontakt med regionale partnerar utan å måtte gå gjennom ein sentralisert avgjersleveg. Ressursar til utstyr, reiser, og anna fagleg drift og utvikling må desentraliserast mest muleg.</p> <p>Behovet for stadleg leiing må mulegvis løysast med pro-stillingar på nivå 3, ev. mykje delegert mynde på nivå 4. Prinsippa for dette må bli betre, og her trer problema med å bygge ovanfrå og ned i HVL-fusjonen tydeleg fram. Det er viktig å ikkje bli toptunge, då kan fusjonslasset velte.</p> <p><u>Forslag til prinsippstekst:</u> «Nivå tre skal ha ein stadleg leiar som kan forvalte arbeidstid, personalansvar og ressursar til drift og utvikling av utdanning og forskning, og som skal ha administrativ kapasitet til å gje støtte til tilsette og studentar»</p> <p>Spørsmål: Prodekanar: Bør vera geografisk spreidd for å sikre at regionen har ein representant på eit fagområde. Det vil også bli ein tøff jobb for eit sentralisert dekanat å vera «overalt» på Vestlandet som representantar for eit fakultet.</p> <p>Innhald i pro-stillingar: Innovasjon høyrer mest under forskning. Pro-stillingar bør vera for 1) Forsking (inkludert innovasjon m.m.) 2) Utdanning (inkludert IKT). Andre prostillingar er jo eigentleg overflødig (gjeld også tredje prorektor i Bergen). Ein bør også vurdere om pro-stillingar ikkje skal ha eitt ansvarsområde for å unngå at ein får regionale skilnader i det administrative apparatet rundt utdanning og forskning (og IKT, Innovasjon, Formidling etc).</p> <p>Råd og utval Fakultetsråd vil sannsynlegvis ha lita eller inga makt og at deira rolle vert difor utydeleg. Ein mulegheit vil vera å bytta dette ut med krav om gode og hyppige IDF-møter då desse har ein tydleg plass juridisk sett. Eit fakultetsstyre kan vera eit betre alternativ enn eit råd og bør greiast ut.</p>

Fusjonsprogrammet for Høgskulen på Vestlandet

Andre merknader	